DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

# MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

| | |
|---|---|
| Dato: | 16.4.2024 |
| Desse møtte: | Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Severin Reiersen, Lars Edvart Larsen. |
| Fråvær: | Arild Steinsland, Rikard Sokkenes (fleire av dei møtande medlemmene deltok ikkje I heile møtet) |
| Referent: | Solfrid Lier Habbestad |

SR 45/24

## Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden

Opprop blei gjennomført.
Merknader til innkalling: Ingen

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:
Diakoniprosjektet
Sveio barnekor.

**Vedtak:**
Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt, blir handsama under eventuelt i sak 51/24.

SR 46/24

## Godkjenning av referat frå møta 12.03.24

Viser til utsendt referat frå møtet.

Merknader til referatet frå dette møtet: Ingen

**Vedtak:**
Referat frå møtet blei godkjent.

SR 47/24

## Gudstenester sidan sist (orientering)

| | Prest | Kyrkjevertgr | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 17.mars kl 11 | SLS | 1 | |
| 29.mars (langfredag) | RÅ | 2 | Bra med folk. Fin gudsteneste |
| 31.mars (1.påskedag) | RÅ | 3 | Ikkje kyrkjekaffe (høgtidsdag). Fin høgtidsgudsteneste og mykje folk. |
| 14.april | RÅ | 4 | Årsmøte og kyrkjekaffe etter gudstenesta. |

Fasteaksjon 19.mars:Kunne vore betre organisert på førehand. Alle rutene blei ikkje dekka, og fleire grupper gjekk same rute.
Køyrerutene burde vore fordelt på konfirmantar på førehand.

SR 48/24

## Møte i utvala sidan førre møte (orientering)

| | |
|---|---|
| | **Fellesrådet:** Hadde møte 23.nov der det  var val på leiar mm. Sidan det var oppseiing i ein av kantorstillingane for ei god stund sidan, er det ønskjeleg at fellesrådet snart startar arbeidet med å førebu utlysing av denne.<br><br>**Kyrkjevertgr**:<br><br>**Trusopplæring**: Det blei arrangert leir for barn i påsken, eitt døgn på Vigdarheim. Leiren fungerte fint. 20 deltakarar og ein på venteliste.<br><br>**Diakoniutvalet:** Møte 11.april der dei ulike aktivitetane vart drøfta. Kids House har aukande oppslutning (160 barn er med) og ei foreldregr har nå ansvar for heile tiltaket. |
| SR 49/24 | **Søknad om konsert i Sveio kyrkje – Ad libitum**<br><br>**Bakgrunn**: Soknerådet har frå staben fått vidaresendt ein førespurnad frå Ad libitum om å ha konserten «Ole Paus memorial» i Sveio kyrkje sundag 10. november 2024 kl. 19:00.<br>Det vart i møtet påpeika at denne type søknadar (ref retningsliner for utlån av kyrkja) kan handsamast av kyrkjeadministrasjonen utan vidare handsaming i soknerådet.<br><br>**Forslag til vedtak:**<br>Soknerådet godkjenner Ad libitum sin søknad om konsert 10.nov. i Sveio kyrkje under føresetnad av at arrangør følgjer retningslinene for bruk av kyrkja. |
| SR 50/24 | **Orientering om medarbeidarfesten 2024 (orientering)**<br><br>Festen blir på soknehuset 5.juni kl.19.00. Her blir det middag og kaker, underhaldning og talar. Ordføraren og organisasjonen for menneskerettar Claas deltar. Staben står som arrangør, og soknerådet er fri for oppgåver. |
| SR 51/24 | Eventuelt<br><br>Følgjande saker blei meldt til eventuelt i SR 45/24:<br>**Diakoniprosjektet.** Sveio sokneråd har einstemmig bestemt at dei vil gå inn for «Besøksteneste for vår tid», medan Valestrand/Førde ønskjer ein stilling der trusopplæring er 60 % og diakoni er 40%.<br><br>Sveio SR inviterer F/V til eit fellesmøte der begge alternativ blir presentert og drøfta.<br><br>**Sveio barnekor**: Barnekoret skal delta på konsert under Moster 2024. Det er ønskjeleg med økonomisk støtte frå soknerådet til busstransport til fellesøving på Moster. Soknerådet var positive til å vera med på finansiering av buss. Førebels vedtak på inntil 10 000 kr. , men endeleg støttesum blir å koma tilbake til i neste møte. |
| | **Møtekritikk** |

Sveio,.2024

Solfrid Lier Habbestad

-sekretær-